



HEMSEDAL KOMMUNE
Hemsedalsvegen 2889
3560 HEMSEDAL

Saksbehandler, innvalgstelefon
Mabel Katrine Trovum, 22003589

Tilbakemelding på egenkontrollrapport for avløpssektoren for rapporteringsåret 2021 - Hemsedal kommune

Statsforvaltaren har gått gjennom egenkontrollrapportane og årsrapportane frå Hemsedal kommune og tar dei til atterhald. Kommunen har avvik frå krav i utsléppsløyvet i rapporteringsåret 2021 då det er tatt for få prøver på fosfor ved Ulsåk reinseanlegg.

Rapporteringsskjema for 2022 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2023.

Vi viser til egenkontrollrapportar og årsrapportar for Hemsedal kommune sitt leidningsnett, Trøim reinseanlegg og Ulsåk reinseanlegg for rapportåret 2021.

Statsforvaltaren fekk beskjed frå Hemsedal kommune om at utslippet frå Ulsåk reinseanlegg oversteig 2 000 pe i 2021, og at Statsforvaltaren som rett forureiningsmynde difor skulle handsame egenkontrollrapportering og årsrapportering for Ulsåk reinseanlegg i år.

Leidningsnett til Trøim reinseanlegg

Hemsedal kommune har rapportert at det er 4 installerte nødoverløp på leidningsnettet til Trøim reinseanlegg, og ingen regnvassoverløp. Av desse er 3 nødoverløp på pumpestasjonar og 1 på reinseanlegget. For 2021 har de rapportert at de ikkje har hatt utslepp via nødoverløp på leidningsnettet.

Trøim reinseanlegg

Det er for 2021 rapportert at Trøim reinseanlegg har mottatt og behandla 178 723 m³ avløpsvatn og at det ikkje har vore utslepp via overløp på reinseanlegget.

Trøim reinseanlegg klarar reinsekrava for fosfor, BOF₅ og KOF_{CR}. Vekta reinsegrad er i 2021 berekna til 98 % for fosfor, 92 % for BOF₅ og 93 % for KOF_{CR}.

Enkeltanalysane viser at det har vore ein overskriding på 100 % av konsentrasjonskravet på maksimalt 25 mg O₂/l for BOF₅. Prøven tatt 15.09.2021 viser ein konsentrasjon på heile 120 mg O₂/l for BOF₅. Kravet om ein reinseffekt på 75 % er likevel overheldt for prøven. Den ansvarlege for



avløpsanlegget plikter å snarast melde frå til Statsforvaltaren dersom utsleppet er overskride med 100 % av det reinsekrava tilseier jf. forureiningsforskrifta § 14-14.

Dimensjonerande kapasitet for Trøim reinseanlegg er oppgitt til å vere 14 000 pe (BOF₅). Kommunen har rapportert at den målte maksvekebelastninga i 2021 var 4 150 pe (BOF₅). Etter vår utrekning er maksvekebelastninga for BOF₅, når vi ser på enkeltprøve datert 01.04.2021, på 5 328 pe (BOF₅). Dette betyr at det er god kapasitet ved reinseanlegget i dag.

Hemsedal kommune har i søknad datert 06.11.2020 søkt Statsforvaltaren om nytt løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Trøim reinseanlegg. Søknaden kjem som eit resultat av at Tuv reinseanlegg i 2023 vert knytt til Trøim reinseanlegg ved hjelp av ei overføringsleidning. Dette vil medføre eit større utslepp frå Trøim reinseanlegg som dermed treng nytt løyve. Søknaden er under handsaming hos oss i eiga sak med saksnr. 2020/37759.

Leidningsnett til Ulsåk reinseanlegg

Hemsedal kommune har rapportert at det er 3 installerte nødoverløp på leidningsnettet til Ulsåk reinseanlegg, og ingen regnvassoverløp. I 2021 har de rapportert at de ikkje har hatt utslepp via nødoverløp på leidningsnettet.

Ulsåk reinseanlegg

Det er for 2021 rapportert at Ulsåk reinseanlegg har mottatt og behandla 71 670 m³ avløpsvatn og at det ikkje har vore utslepp via overløp på reinseanlegget.

Ulsåk reinseanlegg klarar reinsekrava for fosfor, BOF₅ og KOF_{CR}. Vekta reinsegrad er i 2021 berekna til 98 % for fosfor, 98 % for BOF₅ og 96 % for KOF_{CR}.

Dimensjonerande kapasitet for Ulsåk reinseanlegg er oppgitt til å vere 2 000 pe (BOF₅). Kommunen har rapportert at den målte maksvekebelastninga i 2021 var 2 059 pe (BOF₅). Etter vår utrekning er maksvekebelastninga for BOF₅, når vi ser på enkeltprøve datert 13.10.2021, på 4 050 pe (BOF₅). Dette betyr at dimensjonerande kapasitet er overstige. I årsrapporten skriv dykk at reinseresultata viser at anlegget kan klare ei større organisk belastning enn kva der er dimensjonert for. Statsforvaltaren påpekar at kommunen ikkje må tillate påslepp til reinseanlegget som gjer at krava i utsleppsløyvet ikkje vert overheldt.

Det er tatt 11 prøver på fosfor i rapporteringsåret. Forureiningsforskrifta § 14-11 fastsett at avløpsanlegg mellom 1000 og 10 000 pe skal ta 12 prøver. Statsforvaltaren er klar over at utsleppet frå Ulsåk avløpsreinseanlegg passerte 2000 pe i år, men også forureiningsforskrifta kapittel 13 inneheld krav til 12 prøver for anlegg med utslepp større enn eller lik 1000 pe. At kommunen ikkje har tatt nok prøver i rapporteringsåret er å rekne som eit avvik. Vi forutsett at det tas tilstrekkeleg tal prøver i 2022.

Statsforvaltaren har vore i dialog med Hemsedal kommune angående Ulsåk reinseanlegg og stadfestar at kommunen må søkje om utsleppsløyve for det samla utsleppet frå «*tettbebyggelsen*» (jf. definisjon i forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav k) som Ulsåk reinseanlegg er del av. Hemsedal kommune har oppgitt at de skal starte arbeidet med å utarbeide søknad om utsleppsløyve for Ulsåk reinseanlegg rett over påska 2022. Statsforvaltaren vil følge opp Ulsåk reinseanlegg i samband med sakshandsaminga av denne søknaden i eigen sak.



Konklusjon

Hemsedal kommune har rapportert utfyllande for 2021. Det er tatt for få prøver på fosfor for Ulsåk reinseanlegg og vi forutsett at dette rettast opp i ved neste års rapportering. Vidare er Ulsåk reinseanlegg overbelasta i forhold til dimensjonerande kapasitet, sjølv om reinsekrava vart overheldt i rapporteringsåret.

Vi tar med dette eigenkontrollrapportane og årsrapportane for 2021 til atterhald.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på:

<https://www.miljodirektoratet.no/skjema/avlop-rapportering/>

Rapporteringsskjema for 2022 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2023. Vi minner om at årsrapportering til Statsforvaltaren skal leggest som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering kan de finne i vårt skjemabibliotek:

https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-oslo-og-viken/skjema-og-tjenester/miljo-og-klima/avlop---arlig-rapportering/rapporteringsskjema_endelig_oppdatert_statsforvalteren.docx

Eigenrapportens data om årlege utslepp for reinseanlegg vil bli lagt ut på nettstaden «Norske Utslipp» i juni 2022. Se <https://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsannlegg/?SectorID=100>

Med helsing

Hilde Sundt Skålevåg
seksjonssjef
Klima- og miljøvernavdelingena

Mabel Katrine Trovum
rådgiverjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Hemsedal kommune v/ Bjørn Olav Viken